



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Roan, Fyresdal Næringshage
Dato: 31.01.2019
Tid: 14:00 – 17:45

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP
Øyvind Kile	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Ellen Elisabeth Gasmann	Medlem	SP
Anne Mette Hjort-Jensen Momrak	Medlem	AP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Karl Rune Hansen	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Elise Lauvrak	Karl Rune Hansen	AP
Thorstein Wøllestad	Nils Vidar Pettersen	AP
Lars Egil Libjå	Kjell Sverre Thoresen	SP
Arne Dag Lassemo	Per Helge Seltveit	SP

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	Rådmann
Une Marit Aarbakk Tangen	Ass. rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
1/19 – 9/19

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalgssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
-------------------	---------

PS 1/19	Referatsaker
PS 2/19	Rettleiande reglement om folkevalde sin innsynsrett 2019-2022
PS 3/19	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Fyresdal kommune
PS 4/19	Søknad om utvida skjenkeløyve Roan Kroa 01.02.19
PS 5/19	Suppleringsval til kontrollutvalet
PS 6/19	Sal av tomter på Molandsmoen industriområde
PS 7/19	Oppretting av aksjeselskap der omstillingsprogrammet blir flytta til med tilhøyrande vurdering om meir av kommunens næringsarbeid skal flyttast over i nytt selskap.
PS 8/19	Val av medlem til styret for omstillingsprogrammet

Fyresdal 24. januar 2019

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenester
utvalssekretær

Samrøystes for å handsame ekstrasak 9/19 – Idrettshall/aktivitetshall – bygg i tre.

PS 1/19 Referatsaker

RS 1/19 Referat frå Vest-Telemarkrådet

RS 2/19 Orienteringar

RS 3/19 Årsrapport 2018 - skatteoppkrevjaren i Fyresdal

RS 4/19 Informasjon om nye gebyrsatser i alkoholforskriften § 6-2

RS 5/19 Svar på dykkar oppseiing av skjenkeløyve

I møtet:

- Presentasjon frå Telemark Kildevatn AS - lukka møte
- Statusrapport frå omstillingskommuneprogrammet v/ Håkon Holtskog
- Orientering om bruk av legevakttenester i Seljord og Vinje.
 - Det er ikkje mogleg å få tal på bruken av pasientar frå Fyresdal av desse legevaktene då det ikkje blir føreteke registrering. Kommunestyret tek orienteringa til vitande og opprettheld vedtaket om fortsatt legevaktsamarbeid med Arendal kommune.

PS 2/19 Rettleiande reglement om folkevalde sin innsynsrett 2019-2022

Innstilling frå rådmannen:

Rettleiande reglement om folkevalde sin innsynsrett for 2015-2019 vidareførast inntil ny kommunelov med utvida innsynsrett tek til å gjelde etter at nytt kommunestyre har hatt sitt konstituerande møte innan utgangen av oktober 2019. Det innførast deretter ikkje nytt reglement.

Handsaming i Kommunestyret - 31.01.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

Rettleiande reglement om folkevalde sin innsynsrett for 2015-2019 vidareførast inntil ny kommunelov med utvida innsynsrett tek til å gjelde etter at nytt kommunestyre har hatt sitt konstituerande møte innan utgangen av oktober 2019. Det innførast deretter ikkje nytt reglement.

PS 3/19 Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Fyresdal kommune

Innstilling frå kontrollutvalget med tillegg frå rådmannen:

Kommunestyret gir kontrollutvalet løyve til å endre plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019, og til å bestille eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om oppfølging av vedtak.

Kommunestyret løyver midler til at prosjektet utvidast med inntil 100 timar.

Rådmannen foreslår inndekning for 100 timar meirarbeid à kr 850 per time, sum kr 85.000,- som dekkast av formannskapet sin konto, som da går ned frå kr 202.000,- til kr 117.000,-.

Handsaming i Kommunestyret - 31.01.2019

Framlegg frå Torleiv Hvistendahl:

Kontrollutvalet får ikkje lov til å endre planen for forvaltningsrevisjonen 2016 – 2019.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Torleiv Hvistendahl.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

Kontrollutvalet får ikkje lov til å endre planen for forvaltningsrevisjonen 2016 – 2019.

PS 4/19 Søknad om utvida skjenkeløyve Roan Kroa 01.02.19

Innstilling frå rådmannen:

Jamfør alkohollova § 1-6 og dei alkoholpolitiske retningslinene til Fyresdal kommune pkt. 4., 2. avsnitt, siste setning, får Skræi AS/Roan Kroa løyve til å skjenke all alkoholhaldig drikk fredag 01.02.19. Skjenkinga skal kun skje til dei påmeldte gjestene på festen til Fyresdal Skogeigarlag og Bondelaget.

Skjenketid: Skjenking av alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent eller meir, gruppe 3, er avgrensa til tidsrommet 18.30 – 01.00.

Skjenkestyrar: Robin Seljevold

Skjenkinga må vere etter alkohollova, forskrifta til denne og forskrift om opnings- og stenetider for serveringsstader, Fyresdal kommune, Telemark, sine retningslinjer.

Handsaming i Kommunestyret - 31.01.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

Jamfør alkohollova § 1-6 og dei alkoholpolitiske retningslinene til Fyresdal kommune pkt. 4., 2. avsnitt, siste setning, får Skræi AS/Roan Kroa løyve til å skjenke all alkoholhaldig drikk fredag 01.02.19. Skjenkinga skal kun skje til dei påmeldte gjestene på festen til Fyresdal Skogeigarlag og Bondelaget.

Skjenketid: Skjenking av alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent eller meir, gruppe 3, er avgrensa til tidsrommet 18.30 – 01.00.

Skjenkestyrar: Robin Seljevold

Skjenkinga må vere etter alkohollova, forskrifta til denne og forskrift om opnings- og stenetider for serveringsstader, Fyresdal kommune, Telemark, sine retningslinjer.

PS 5/19 Suppleringsval til kontrollutvalet

Innstilling frå rådmannen:

Saka blir lagt fram utan innstilling

Handsaming i Valnemnda - 23.01.2019

Suppleringsval til kontrollutvalet er i strid med loven. Ved endringar i kontrollutvalet skal heile utvalet velgjast på nytt .

Framlegg frå ordføraren:

Nytt kontrollutval frå 31.01.19:

Medlemer	Varamedlemer
Per Helge Seltveit(Sp), leiar	1. Thorstein Wøllestad(Ap)
Gunnar Kvasjord(Sp)	2. Inga Lorentzen Grythe(Sp)
Berit Gulbrandsen (Ap)	

Samrøystes i samsvar med framlegget frå ordføraren.

Vedtak i Valnemnda - 23.01.2019

Nytt kontrollutval frå 31.01.19:

Medlemer	Varamedlemer
Per Helge Seltveit(Sp), leiar	Thorstein Wøllestad(Ap)
Gunnar Kvasjord(Sp)	Inga Lorentzen Grythe(Sp)
Berit Gulbrandsen (Ap)	

Handsaming i Kommunestyret - 31.01.2019

Saksopplysning frå ordføraren:

Berit Gulbrandsen vert valt til nestleiar.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå valnemnda.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

Nytt kontrollutval frå 31.01.19:

Medlemer	Varamedlemer
Per Helge Seltveit (Sp), leiar	Thorstein Wøllestad(Ap)
Berit Gulbrandsen (Ap), nestleiar	Inga Lorentzen Grythe(Sp)
Gunnar Kvasjord (Sp)	

PS 6/19 Sal av tomter på Molandsmoen industriområde

Etableringstilskot HMM Eiendom AS

Innstilling frå rådmannen:

MHM Eiendom AS får kjøpe tomt nr. 3, 4 og tomt nr. 10 (vedlagte kart) med dei vilkåra som kjem fram i mellombels kjøpekontrakt (vedlegg).

MHM Eiendom AS gjevast eit etableringstilskot på kr 200.000,-. Løyving frå næringsfondet konto 1410 470.325. Tilskotet utbetalast etter gjeldande reglar for bruk av næringsfondsmidlar.

Handsaming i Kommunestyret - 31.01.2019

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

MHM Eiendom AS får kjøpe tomt nr. 3, 4 og tomt nr. 10 (vedlagte kart) med dei vilkåra som kjem fram i mellombels kjøpekontrakt (vedlegg).

MHM Eiendom AS gjevast eit etableringstilskot på kr 200.000,-. Løyving frå næringsfondet konto 1410 470.325. Tilskotet utbetalast etter gjeldande reglar for bruk av næringsfondsmidlar.

PS 7/19 Oppretting av aksjeselskap der omstillingsprogrammet blir flytta til med tilhøyrande vurdering om meir av kommunens næringsarbeid skal flyttast over i nytt selskap.

Innstilling frå rådmannen:

- Fyresdal kommunale næringssselskap AS etablerast. Etableringskostnadane, aksjekapital, drift av selskapet etc. dekkast av det kommunale næringsfondet.
- Fyresdal kommunale næringssselskap AS etablerast som eit heileigd kommunalt selskap eigd av Fyresdal kommune aleine.
- Fyresdal kommunestyre utgjer generalforsamling i Fyresdal kommunale Næringssselskap AS.
- Fyresdal kommune sitt formannskap utgjer styret i Fyresdal kommunale næringssselskap AS.
- Programleiaren for omstillingskommuneprosjektet rapporterer skriftleg til kommunestyret kvartalsvis og det leggst fram revidert omstillingsprogram som sak ein gong i året for godkjenning i kommunestyret. Kommunestyret kan be om at programleiar

møter i kommunestyret for å orientere om og svare på spørsmål om utviklingsprogrammet.

- Styresamansetningen i omstillingsstyret blir som før lagt til kommunestyret å avgjere, minst ein gong kvar valperiode eller når generalforsamlinga krev det. Ordføraren og to andre medlemar frå formannskapet, derav ein frå opposisjonen er faste medlemar av omstillingsstyret. Dette i tillegg til kommunestyret sitt val av ein representant frå landbruksnæringa og to frå næringslivet elles i kommunen. Innovasjon Norge, fylkeskommunen og rådmannen har som før observatørstatus i styret. Ordføraren er leiar av omstillingsprogrammet.
- Det innarbeidast eit skilje mellom styret for omstillingsprogrammet og styret for Fyresdal kommunale Næringssselskap AS der økonomien er skilt klart frå kvarandre. All bruk av offentlege midlar skal vere sporbare.
- Næringsfondet med tilhøyrande oppgåver som tidlegare var løyst av nærings sjefen overførast til Fyresdal kommunale næringssselskap AS.
- Møteinnkalling og referat frå styremøta i Fyresdal kommunale Næringssselskap AS og omstillingsstyret gjerast offentleg tilgjengelege.
- Vedtekter, evt. aksjonæravtale for Fyresdal kommunale næringssselskap AS utarbeidast av kommunen sin advokat og tilpassast kommunestyret sitt vedtak i saka. Selskapet etablerast så fort som mogeleg og selskapet sine vedtekter godkjennast av kommunestyret så snart dei ligg føre.

Handsaming i Formannskap - 23.01.2019

Framlegg frå ordføraren:

Formannskapet bed rådmannen legge fram ei utgreiing om å opprette eit kommunalt foretak(KF) som alternativ til oppretting av akjeselskap før saka handsamast i kommunestyret. Formannskapet ynskjer ikkje at næringsfondet/næringsarbeidet skal flyttast ut av kommunen.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå ordføraren.

Vedtak i Formannskap - 23.01.2019

Formannskapet bed rådmannen legge fram ei utgreiing om å opprette eit kommunalt foretak(KF) som alternativ til oppretting av akjeselskap før saka handsamast i kommunestyret. Formannskapet ynskjer ikkje at næringsfondet/næringsarbeidet skal flyttast ut av kommunen.

Handsaming i Kommunestyret - 31.01.2019

Framlegg frå ordføraren:

Fyresdal Omstilling AS etablerast.

Etableringskostnadene og driftskostnadene dekkast av omstillingsprogrammet.

Selskapet blir eit heileigd selskap av Fyresdal kommune.

Fyresdal kommunestyre blir generalforsamling i selskapet og vel styret.

Talet på styremedlemer skal vere 6.

Aksjekapital er 30.000,- kroner.

Formålet med selskapet er å auke talet på arbeidsplassar i Fyresdal.

Vedtekter for selskapet skal utarbeidast med bistand frå Fyresdal kommune sin advokat.

Retningslinjer frå Innovasjon Norge skal følgjast.

Fyresdal kommune skal om naudsynt bidra med hjelp til selskapet.

Selskapet etablerast så snart som råd og vedtektene godkjennast av kommunestyret så snart som råd.

11 røyster for framlegget frå ordføraren.

6 røyster mot framlegget frå ordføraren.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

Fyresdal Omstilling AS etablerast.

Etableringskostnadene og driftskostnadene dekkast av omstillingsprogrammet.

Selskapet blir eit heileigd selskap av Fyresdal kommune.

Fyresdal kommunestyre blir generalforsamling i selskapet og vel styret.

Talet på styremedlemer skal vere 6.

Aksjekapital er 30.000,- kroner.

Formålet med selskapet er å auke talet på arbeidsplassar i Fyresdal.

Vedtekter for selskapet skal utarbeidast med bistand frå Fyresdal kommune sin advokat.

Retningslinjer frå Innovasjon Norge skal følgjast.

Fyresdal kommune skal om naudsynt bidra med hjelp til selskapet.

Selskapet etablerast så snart som råd og vedtektene godkjennast av kommunestyret så snart som råd.

PS 8/19 Val av medlem til styret for omstillingsprogrammet

Innstilling frå rådmannen:

Kommunestyret vel som medlem av omstillingsstyret for landbruksnæringa.

Handsaming i Kommunestyret - 31.01.2019

Framlegg frå Guro Libjå:

Thomas Rekvik vert valt som representant til omstillingsstyret frå landbruksnæringa.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Guro Libjå.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

Kommunestyret vel Thomas Rekvik som medlem av omstillingsstyret for landbruksnæringa.

PS 9/19 Idrettshall/aktivitetshall - bygg i tre

Tilråding frå rådmannen:

- Fyresdal kommune hentar inn anbod for bygging av idrettshall/aktivitetshall i massivtre og konvensjonell materialbruk..
- Fyresdal kommune søker om klimasatsmidlar.
- Kommunestyret gjer endeleg vedtak om type bygg etter at anbod er innhenta.

Handsaming i Kommunestyret - 31.01.2019

Endringsframlegg frå Olav Gisle Noraberg:

Endring av punkt 3 til:

Kommunestyret gjer etter innstilling frå arbeidsgruppa endelege vedtak om type bygg etter at anbod er innhenta.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen med endringa frå Olav Gisle Noraberg.

Vedtak i Kommunestyret - 31.01.2019

- Fyresdal kommune hentar inn anbod for bygging av idrettshall/aktivitetshall i massivtre og konvensjonell materialbruk..
- Fyresdal kommune søker om klimasatsmidlar.
- Kommunestyret gjer etter innstilling frå arbeidsgruppa endeleg vedtak om type bygg etter at anbod er innhenta.